

Til
Vestland fylkeskommune
mail: postmottak@vlfk.no

VEDR: Uttale frå Hardangerrådet til "Høyringsforslaget til heilskapleg tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune"

Det er mål om eit breitt desentralisert utdanningstilbod i heile fylket. Her må dei som sit med planar for opplæring og kompetanse sjå samanhengar med distriktsutvikling og at alle skal ha ein reell valfridom.

Så korleis heng "*Høyringsforslag til heilskapleg tilbudsstruktur*" saman med ambisjonar, mål og strategiar Vestland fylkeskommune har for å utvikla heile Vestland?

Distriktpolitisk skjønar ein vurdering basert på søkjartal, men det vil føra til færre og færre søkjarar på skulane i distriktet. Det er ikkje ei naturlov at alle skal til byen. Ein kan snu trenden og senda ungdomar ut av sentrale strom. Her er også tilrettelagt infrastruktur med internat knytt til vgs.

Her eit konkret døme på kor håpløst det kan bli: "I år er det rekordmange på vg1 tømmerar, og historisk søknad til vg2 - derfor tragisk at denne linja no vert føreslått lagt ned på Odda vgs"

Mangfald og breidde er viktig når me skal sikra framtida. Elevane i distriktet er akkurat like "breie" som i byane. Me oppfordrar fylkeskommunen til også å ta vare på breidde i tilbodet ute i regionen. Dersom det krev nye modellar for å få det til, så er det løysinga.

Dei vidaregåande skulane er svært viktige for lokalsamfunna. Å halda på ungdom lokalt og i regionen betyr mykje for lag og organisasjonar, ungdom er med og skapar godt miljø for born og unge. Slik er ungdom eit nav i lokalsamfunnet og dei bidreg til næringslivet.

Me forstår at me er små, men å ta vekk alle dei estetiske og kreative faga er ikkje ei løysing me kan akseptera. Dette strir også med fullføringsreforma, då ein ikkje kan forventast at ungdom vil velgja studiespesialisierende istaden, eller klarar å fullføra det løpet. Og kva med fylke sin ambisjon om å vera leiande på kultur? Dei estetiske faga og idrett er 12% av alle elevar, men står for 74% av kutta.

Smedlinja i Odda er nasjonal, eit raudlista fag, der berre Odda vgs tilbyr eit 3 årig løp. Faget må ein oppretthalda kunnskap i og det 3 årige tilbodet er viktig for dei som ikkje får læreplass.

Det er eit politisk ynskje å utvikla modellar etter prosjektet "TIL-vegen", som handlar om fleire vegar til fagbrev på Kvam vgs. Ber om at det vert satsa på denne modellen i ny tilbodsstruktur. Dei har allereie hausta god erfaring, men det krev betre rammer enn idag. Tilbodet må også marknadsførast og tilbydd som eit breitt vg1 tilbod.

Me forventar at fylkeskommunen brukar nye spesial klasserom. Dette er store investeringar gjort for berre få år sidan til linjer som smed, frisør, musikk, dans og kunst. Det er ikkje berekraftig å byggja meir nytt, når ein allereie har ny infrastruktur. Her bør også fylkeskommunen jobba heilheitleg med sine berekraftsmål.

Å ha ein sterk offentleg skule som er inkluderande med tilbud til alle, er veldig viktig. Det gjeld også for idrett og estetiske fag.

Når ein vel å ta vekk dei marginale faga, er det heller ikkje lønsamt i det store bilete. Snudd på hovudet er det kanskje dei elevane som treng det mest, som mister sitt tilbod.

Dei vidaregåande skulane og tilbodet der er vesentleg for regionen Hardanger og Voss. Me ber om langsiktige modellar med breidde, tydeleg målsetting og ambisjonar for utdanningstilbodet i regionen vår.

Kinsarvik, 20.05.2024

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Eidfjord kommune
Timo Knoch
ordførar/rådsordførar Hardangerrådet

Kvam herad
Torgeir Næss
ordførar

Ullensvang kommune
Roald Aga Haug
ordførar

Ulvik herad
Jens Olav Holven
ordførar